

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Hovudutval for samferdsle</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Gaular-Villa Åmot</b>
<b>Møtedato</b>	<b>14.02.2017</b>
<b>Kl.</b>	<b>10:00-17:00</b>

**Faste medlemmer til stades:**

Noralv Distad H  
Bjørn Hollevik H  
Gunnhild Berge Stang V permisjon frå kl 16:30  
Arnstein Menes Sp  
Sigurd Reksnes Sp  
Gunn Sande Sp  
Harald Bjarte Reite Ap  
Stein Malkenes MDG

**Forfall til møtet:**

Helen Hjertaas Ap

**Varamedlemer til stades:**

Per Egil Hellebust Ap

**Til stades med møte- og talerett:**

Dina Lefdal

**Sekretariat for møtet:**

Monica Åsnes

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 22.11.2016 vart godkjend utan merknader.

**Synfaring og orientering:**

Gaular kommune v/Mathias Råheim

**Munnleg orientering:**

Orientering om kollektiv v/Øystein Hunvik  
Orientering om RTP v/Dina Lefdal  
Orientering frå Statens vegvesen v/Eli Næss

**SAK 1/17            Søknad om finansieringsbidrag 2017 til arbeidet med å realisere Stad skipstunnel**

**VEDTAK:**

- 1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 150 000 kroner i 2017 til Nordfjord vekst til arbeidet med å realisere Stad Skipstunnel.
- 2 Tilskotet vert å finansiere på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2017.

-----

**SAK 2/17            Høyring - endring av yrkestransportlova - Unnatak frå løyveplikt for samkøyring, heving av øvre aldersgrense for å ha drosjeløyve og oppheving av krav om tilslutning til drosjesentral**

**Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

**Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å legge til rette for organisert samkøyring fordi det kan opne for konkurranse på ulike vilkår.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å heve aldersgrensa for å inneha drosjeløyve frå 70 til 75 år fordi dagens ordning med moglegheit for dispensasjon ved behov fungerer hensiktsmessig.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å endre løyvestyresmakta sin tilgang til å sette krav om tilslutningsplikt til sentral.

**Endringsframlegg:**

Framlegg frå Miljøpartiet De Grønne til nytt punkt 1:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår til å legge til rette for å organisert samkøyring.

Framlegg frå Senterpartiet til nytt punkt 1:

Sogn og Fjordane fylkeskommune rår i frå at det vet opna for samkøyring ut over det som i dag er tillate i yrkestransportlova sine rammer, fordi det kan opne for konkurranse på ulike vilkår.

**Avrøysting:**

Miljøpartiet De Grønne sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

Senterpartiet sitt framlegg til nytt punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesdirektøren sitt punkt 2 og 3 vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår i frå at det vet opna for samkøyring ut over det som i dag er tillate i yrkestransportlova sine rammer, fordi det kan opne for konkurranse på ulike vilkår.

2. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å heve aldersgrensa for å inneha drosjeløyve frå 70 til 75 år fordi dagens ordning med moglegheit for dispensasjon ved behov fungerer hensiktsmessig.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune rår ikkje til å endre løyvestyresmakta sin tilgang til å sette krav om tilslutningsplikt til sentral.

---

## **SAK 3/17      Søknad om ruteløyve Sogndal - Geiranger**

### **Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:**

Tide Buss AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i perioden 13.06 til 13.08 i åra 2017–2020 på strekninga Sogndal – Geiranger.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) Det er kun tillate med av- og påstigning i Sogndal, Loen og Geiranger.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

### **Endringsframlegg:**

Framlegg frå Miljøpartiet De Grønne om at forslaget frå fylkesdirektøren får eit nytt punkt f) i konsesjonsvilkåra for søknad om turistbussrute Sogndal-Geiranger:

Tide Buss AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i perioden 13.06 til 13.08 i åra 2017–2020 på strekninga Sogndal – Geiranger.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
- d) Det er kun tillate med av- og påstigning i Sogndal, Loen og Geiranger.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.
- f) Det skal nyttast utsleppsfri bussteknologi frå og med 13.06.2018 og ut konsesjonsperioden.

### **Avrøysting:**

Framlegga vart sett opp mot kvarandre.

Miljøpartiet De Grønne sitt framlegg fekk 1 røyst og fall.

### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

Tide Buss AS får ruteløyve etter desse vilkåra:

- a) Løyvet gjeld i perioden 13.06 til 13.08 i åra 2017–2020 på strekninga Sogndal – Geiranger.
- b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.
- c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- d) Det er kun tillate med av- og påstigning i Sogndal, Loen og Geiranger.
- e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i busen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

-----

**SAK 4/17            Søknad om refusjon for utbyggingskostnader i samband med omlegging av fylkesveg 725 gjennom Utvik sentrum**

**VEDTAK:**

Søknad om refusjon av utbyggingskostnader i samband med omlegging av fylkesveg 725 gjennom Utvik sentrum vert ikkje støtta.

-----

**SAK 5/17            Skriv og melding-hovudutval for samferdsle 14.02.2017**

- 1 Takstar for ekspressbåtane – Luftlineprinsippet
- 2 Svar på høyring om omklassifisering av eksisterande E16 frå europaveg til kommunal veg i samband med bygging av ny E16
- 2a Omklassifisering av eksisterande E16 frå europaveg til kommunal veg i samband med bygging av ny E16, fråsegn
- 3 Søknad om kommersialisering av NW 162 Lillehammer-Bergen - høyring
- 4 Svar - Ruteløyve Flåm - Aurland - Fodnes - Sogndal
- 4a Ruteløyve Flåm - Sogndal
- 5 Krav til naudnett i fylkesvegtunnelar
- 6 Vedtak om fornyet konsesjon - Førde lufthamn, Bringeland
- 6a Førde lufthamn - konsesjonsvilkår.pdf
- 7 Uttalelse til KVU Rv7 og Rv52 - til orientering
- 8 Innføring av premiebetaling til Statens pensjonskasse for Statens vegvesen
- 9 Miljøomsyn ved ruteløyve på Aurlands- og Nærøyfjorden.
- 9a Notat Selmer - Forvaltningens adgang til å stille vilkår for ruteløyve.pdf
- 10 Framlegg om nedlegging av bygderuta i Fjærland
- 10a Meldingstekst
- 11 Venterom på Nordeide - uttale frå fylkesrådet for eldre
- 12 Møtereferat med vedlegg frå styremøte i Stavanger 24.1.2017.
- 12a Møtebok frå styremøte 24.1.2017 med vedlegg.pdf
- 13 Nytt frå Fjordvegen Rute 13 - Årskonferansen 28. mars 2017, Stavanger
- 14 Nasjonal rassikringskonferanse 2017
- 15 Uttale frå årsmøte i Stryn Sp vedkomande Fv. 60 Olden - Innvik, Uгла – Skarstein
- 16 E-post tekst Rapport om båt- og ferjenøkkelen
- 16a Innspel til rapport om kostnadsnøkkelen for båt og ferje
- 16b Møreforskning – Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter
- 16c Invitasjon til møte i Bergen

**Endringsframlegg:**

Framlegg til vedtak frå Sigurd Reksnes vedkommande skriv 1:  
Hovudutval for samferdsel ber om å få ei sak der ein legg til rette for ei harmonisering av billettprisane mellom «Sognebåten» og «Nordfjordbåten»

Framlegg til vedtak frå hovudutval for samferdsle vedkommande skriv 5:

Hovudutval for samferdsle oppmodar fylkesordføraren om å sende svar tilbake til Kommunal og moderniseringsdepartementet.

Framlegg til vedtak frå Høgre og Venstre vedkommande skriv 9:

Hovudutval for samferdsel ber om at miljøkrav ved tildeling av ruteløyve vert vurdert i samband med arbeidet med Regional Transportplan

Framlegg til vedtak frå Stein Malkenes vedkommande skriv 9 og 9a:

Representantar frå Verdsarvparken blir invitert til å orientere og kome i dialog med HS i utvalsmøtet 28. mars 2017.

Hovudutval for samferdsle diskuterte deltaking på nasjonal rassikringskonferanse 2017 jamfør skriv 14.

#### **Avrøysting:**

Framlegg til vedtak frå Sigurd Reksnes vedkommande skriv 1 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå hovudutval for samferdsle vedkommande skriv 5 vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak frå Høgre og Venstre vedkommande skriv 9 vart samrøystes vedteke.

Framlegget til vedtak frå Stein Malkenes vedkommande skriv 9 og 9a vart diskutert i utvalet.

Hovudutval for samferdsle konkluderte med at Nærøyfjorden Verdsarvpark vert oppmoda om å komme på ein politikar dag og orientere om sitt syn i høve miljøomsyn til ruteløyvesaker.

Hovudutvalet vart samde om at Bjørn Hollevik deltek på nasjonal rassikringskonferanse 2017 jamfør skriv 14.

#### **Dette gir følgjande VEDTAK:**

1 Takstar for ekspressbåtane – Luftlineprinsippet

##### **Vedtak:**

Hovudutval for samferdsel ber om å få ei sak der ein legg til rette for ei harmonisering av billettprisane mellom «Sognebåten» og «Nordfjordbåten»

2 Svar på høyring om omklassifisering av eksisterande E16 frå europaveg til kommunal veg i samband med bygging av ny E16

2a Omklassifisering av eksisterande E16 frå europaveg til kommunal veg i samband med bygging av ny E16, fråsegn

3 Søknad om kommersialisering av NW 162 Lillehammer-Bergen - høyring

4 Svar - Ruteløyve Flåm - Aurland - Fodnes - Sogndal

4a Ruteløyve Flåm - Sogndal

5 Krav til naudnett i fylkesvegtunnelar

##### **Vedtak:**

Hovudutval for samferdsle oppmodar fylkesordføraren om å sende svar tilbake til Kommunal og moderniseringsdepartementet.

6 Vedtak om fornyet konsesjon - Førde lufthamn, Bringeland

6a Førde lufthamn - konsesjonsvilkår.pdf

7 Uttalelse til KVV Rv7 og Rv52 - til orientering

8 Innføring av premiebetaling til Statens pensjonskasse for Statens vegvesen

9 Miljøomsyn ved ruteløyve på Aurlands- og Nærøyfjorden.

9a Notat Selmer - Forvaltningens adgang til å stille vilkår for ruteløyve.pdf

##### **Vedtak:**

Hovudutval for samferdsel ber om at miljøkrav ved tildeling av ruteløyve vert vurdert i samband med arbeidet med Regional Transportplan.

**Vedtak:**

Nærøyfjorden Verdsarvpark vert oppmoda om å komme på ein politiskar dag og orientere om sitt syn i høve miljøomsyn til ruteløyvesaker.

10 Framlegg om nedlegging av bygderuta i Fjærland

10a Meldingstekst

11 Venterom på Nordeide - uttale frå fylkesrådet for eldre

12 Møtereferat med vedlegg frå styremøte i Stavanger 24.1.2017.

12a Møtebok frå styremøte 24.1.2017 med vedlegg.pdf

13 Nytt frå Fjordvegen Rute 13 - Årskonferansen 28. mars 2017, Stavanger

14 Nasjonal rassikringskonferanse 2017

**Vedtak:**

Bjørn Hollevik deltek på nasjonal rassikringskonferanse 2017.

15 Uttale frå årsmøte i Stryn Sp vedkomande Fv. 60 Olden - Innvik, Ugla - Skarstein

16 E-post tekst Rapport om båt- og ferjenøkkelen

16a Innspel til rapport om kostnadsnøkkelen for båt og ferje

16b Møreforskning - Utgiftsbehov til ferjer og hurtigbåter

16c Invitasjon til møte i Bergen

-----